

## Presentasjon av nytilsette i toppleiargruppa



**På gata i  
Balestrand**



**FØLG, LIK OG DEL  
OSS PÅ FACEBOOK**  
NYE SOGNDAL  
KOMMUNE



**DET ER BERRE 12  
DAGAR TIL  
PERSONALSAMLINGA  
VÅR, OG 1 ÅR OG 19  
VEKER TIL VI VERT  
EIN FELLE  
STORKOMMUNE.  
DET VERT KJEKT**


# INFOBREV 7 / 18

## Personalsamling i Sogndal 29. og 30. august

Alle tilsette er hjarteleg velkommen til personalsamling på Campus Fosshaugane i Sogndal kl. 17.00 – 19.30. Minner om påmeldingsfristen 20. august. Hugs gode klede (de sit tørt, men på tribuna med overbygg)

### Innhald:

- Grillmat: biffburger frå kl. 16.45
- Kl. 17.15: Programstart
- Musikalsk innslag
- Prosjektrådmann og ny toppleiargruppe fortel om status.
- Den kjende psykologspesialisten og forfattaren Trond Haukedal snakkar om endring og omstilling



## Ny økonomisjef

Marianne Skjeldestad Hove har takka ja til å verte ny økonomisjef i nye Sogndal kommune. Marianne har brei røynsle frå leing og komplekse organisasjonar, og har mellom anna jobba i Skatteetaten, privat næringsliv og hatt fleire sentrale roller i Statens vegvesen, der ho no er tilsett.

Marianne har mellom anna skatteetatskule, bachelor i økonomi og sin mastergrad frå handelshøgskule. Det var ein grundig tilsetjingsprosess med ekstern bistand. Marianne kjem frå Sogndal og likar seg godt i naturen og til fjells. Eit samrøystes tilsetjingsutval tilrådde Marianne til stillinga. Ho tek til oktober/november 2018. Me ønskjer den nye økonomisjefen velkommen til nye Sogndal kommune.



## Ny kommunalsjef

Åslaug Brænde er tilsett som ny kommunalsjef for området helse, sosial, velferd. Brænde har mellom anna mastergrad, men grunnutdanninga er sjukepleiar, samt vidareutdanning i psykiatrisk sjukepleie.

Brænde har lang leiarerfaring frå ulike nivå, og ho har erfaring som kommunalsjef i vekstkommunen Lindås, soneleiar i Bergen kommune, og ho har leia mellom anna fagutviklingsteam for effektiv omsorg i Bergen kommune. Ho kjem frå stillinga som avdelingsleiar innan opplæring/rehabilitering for vaksne i Bergen. Det var eit samrøystes tilsetjingsutval som innstilte Brænde. Brænde er tilsett etter grundig rekrutteringsprosess med ekstern bistand. Brænde vert meir presentert for leiarskap og tilsette når ho tek til 1. oktober, og vert busett på Leikanger. Me ønskjer den nye kommunalsjefen velkommen til nye Sogndal kommune.



## På gata i Balestrand

Marte Gåsland (29) har ein forventning og eit ynskje om at det blir mest mogleg likt slik som det er i dag. Ho ynskjer ikkje at Balestrand blir ein utkant! Fordeler med samanslåing er at ein kan dele på goder og tilbod som til dømes



aktivitetar for barn og unge. Det er ein fordel for oss i Balestrand om det vert meir aktivitet på Leikanger, då er det ikkje så langt for oss å køyre.

Rannveig Sætre (36) forventar at når Balestrand vert ein del av Nye Sogndal kommune blir det betre økonomi, og at Balestrand blir betre stilt. Balestrand er ein utkant. Det er viktig at alle skular og barnehagar blir oppretthalde og drifta på same måte som i dag.



*Anonym pensjonist* (budd 18 år i Balestrand) er redd for å miste goder som finst i dag, til dømes tannlege og helsetunet. Ho ynskjer å behalde tenestetilbodet, og at det er lett tilgjengeleg.

Anita og Tom Cruysen 66 og 68 år frå Holland er i same situasjon. Bygda dei bur i, med 1400 innbyggjarar, skal slå seg saman og bli eit distrikt med ca 40.000 innbyggjarar. Heimstaden deira ber preg av å vera ein stad der folk bur, men pendlar til større byar for å jobbe. Dei er redde for at dette blir forsterka når kommunen blir ein del av eit større distrikt. Dei to meiner det er viktig at ein opprettheld tenestetilbodet og ikkje mistar identiteten sin i slike prosessar.



Magne Skaar (78) meiner kommunesamanslåing er ei oppgåve som Staten burde ha teke på seg og bestemt ut frå geografi. Det mest rette i denne samanheng er ei samanslåing av Luster, Sogndal og Leikanger kommune. Dette blir rekna for å vera ein felles bu – og arbeidsmarknad. Balestrand kunne også vore med, men dei høyrer like naturleg ilag med Høyanger. Eg er generelt mest tilhengjar av mindre einingar, og har stor tru på at ein då har best kommunikasjon.



## Felles leiarssamling 22. og 23. oktober.

Det vert felles samling for alle leiarane i dei tre kommunane på Fretheim hotell i Flåm, 22. og 23. oktober. Føremålet med samlinga er å informere og involvere leiarane i arbeidet med planlegging og førebuing av «Nye Sogndal kommune» på eit så tideleg tidspunkt som mogeleg. Ein ønskjer å ta utgangspunkt i at tre ulike organisasjonskulturar skal smeltast saman til ein, der fyrste steg er å bli betre kjent med kvarandre, samt avklare forventningar til leiarrolla i den nye kommunen.

## Bli kjent-fond.

Det er sett av 100.000 kroner i 2018 til aktivitetar på tvers av kommunegrensene. Lag og organisasjonar og eldsjeler kan søkje midlar som tek sikte på å styrke samhald, felles opplevingar og tilknytning. Det kan søkjast om inntil kr 10.000 for arrangement eller samarbeid der organisasjonar frå alle tre kommunane er involverte. Søknadsfristane for 2018 er 15. september og 15. november.

## Nytt kommunevåpen

Det kom inn over 300 framlegg til kommunevåpen. Den politiske arbeidsgruppa har plukka ut 20 finalistar til kommunevåpenkonkurransen. De kan sjå alle framlegga på [www.nye.sogndal.kommune.no](http://www.nye.sogndal.kommune.no) og [www.sognavis.no](http://www.sognavis.no)

So langt er alt materiell frå idékonkurransen sendt dei inviterte designbyråa. Juryen sine hovudmålsettingar før val av finalistar var:

- Samlande for alle innbyggjarane
- Bitte saman historie og framtid
- Kjenne seg att i natur og/eller kultur
- Utvikling og vekst
- Tidlaust

Juryen hadde som utgangspunkt for vurderinga at kommunevåpenet skal vere nytt for den nye kommunen. Forslaga er frå både ungar og vaksne. «Vi er meir opptekne av kva vi har felles, enn kva som skil oss.» Sogn Avis lanserer nettrøystinga 17. august. Frist for å stemme er 31. august.



Vi oppmodar alle lesarane våre til å like, fylgje oss og dele på Facebook

## Kva skjer framover:

**20. august:** møte politisk arbeidsgruppe:

Felles kultur, identitet og symbol.

**21. august:** møte politisk arbeidsgruppe:

Fornyng og utvikling av lokaldemokratiet.

**22. august:** Administrativ styringsgruppe.

**30. august:** formannsskapsmøte i Sogndal

**12. og 13. september:** Prosjektet samlar alle tillitsvalde

**13. september:** kommunestyremøte

Sogndal, formannsskapsmøte Balestrand og Leikanger

**20. september:** møte fellesnemda

**27. september:** kommunestyremøte

Balestrand og Leikanger

**22. og 23. oktober:** Prosjektrådmann og

rådmennene samlar alle leiarane i dei tre kommunane



## Sogndal ungdomsråd



Ordførar Jarle Aavoll har hatt møte med Sogndal ungdomsråd, og fekk inn mange konstruktive innspel. Innspelela frå skulane og ungdomsråda vert lagt fram for Fellesnemnda 20. september.

Neste nyhendebrev kjem i slutten av september.

**Velkommen til personalsamling!**